



RETNINGSLINJER FOR BEREDSKAPSVAKT I HELSE OG OMSORG I STAD KOMMUNE

Stad kommune følger Arbeidsmiljølova (AML) og Hovudtariffavtalen (HTA) når det gjeld vaktordningar og utrykking, viser til vedlegg 2 der aktuelle paragrafer er klipt ut frå arbeidsmiljølova og hovudtariffavtalen. Nokre punkt vil vi likevel presisere:

1. Heimevakt etter behov i drifta skal avtalast direkte med den tilsette, og dei omrekna timane i beredskapstida skal godtgjerast etter vanlege reglar for meirarbeid/overtid.
2. Den som har heimevakt pliktar å vere tilgjengeleg på mobil til ei kvar tid for dei tilsette på arbeidsstaden. På tilkalling skal frammøte skje med ein gang, og snarast mogeleg.
3. Ved utrykking på heimevakt vert utrykkingstida rekna frå oppringingstidspunktet til den tilsette er komen heim att. Jf. hovudtariffavtalen kap. 1 § 4.3.2.1.
4. Ved telefonoppringing får arbeidstakaren same godtgjering som ved utrykking, jf. hovudtariffavtalen kap. 1 § 4.3.2.1. Dette vert runda opp til næraste 5 minutt.

Nordfjordeid, 05.06.2023

Barbro Longva
Kommunalsjef